


Bygdabladet

for BOKN



I slutten av august stenger krambua i "Krojen" for aller siste gong.

Les meir s. 4



Salg av Angus kjøt og kjøtprodukt har auka så mykje at Arsvågen Kro og Gardsmat den siste tida har hatt nok med å skaffa tilstrekkeleg med varer for å dekkja etterspørselen.

Les meir s. 8

For avgangselevar betyr sommaren å vera spent på ein ny skule, nye lærarar, og nye vener. Og skal ein få nye klassekameratar, så betyr vel det at ein må ta farvel med dei gamle. Men ikkje for dei tre gutane frå Bokn.

Les meir s. 14





RDFØRAREN RDET

Vel overstått sommar!

Først vil eg ønska alle førsteklassingane velkomne på skulen og ønsker dei lykke til med skulegangen på Bokn.

Konsekvensutredning

Styringsgruppa som arbeider med utgreiinga av ein eventuell samanslåingsprosess er kommen i gong og har alt sagt at ingen tilsette skal bli oppsagt som følge av ei eventuell samanslåing. Der er og satt eit mål om at den eventuelt nye kommunen skal bli ein robust kommune som skal sikra gode desentraliserte tenestar til oss som innbyggjarar.

Styringsgruppa har og satt ein foreløpig framdriftsplan med utarbeiding av konsekvensutredning fram mot nyttår, informasjon og debatt i mange former våren 2006 og folkeavrøysting hausten 2006.

Gruppa vil og ha møte med representant frå kommunaldepartementet i august for å få litt generell informasjon om kommunesamanslåingsprosessar og diskutera med departementet om kva som kan vere deira

bidrag i ei eventuell samanslåing.

Det vil bli gitt fortløpande informasjon om prosessen.

Alvestadkroken

Det er beklagelig at butikken i Alvestadkroken, etter lang tids drift, må gi opp.

Miljøet i Alvestadkroken blir mykje fattigare og mange får ein lengre veg til butikk og det er trist for dei som mistar arbeidet sitt her.

Val 2005

12. september er det val og eg vil oppfordre alle til å delta i valet, så får kvar enkelt gjere seg opp ei meining om kva parti dei er mest fornøyd med eller minst skuffa over.

Det er nå mulig å førehandsrøysta i servicetorget på Boknatun, og valet vil bli avholdt på same måte som før, måndag 12/9 i allrommet på Boknatun frå kl. 09.00 til 20.00.

Transport vil bli satt opp.

Godt val.

Svein Ove

Fekk 32 datamaskinar

Jardar Havikbotn

Bokn skule har fått pc'ar frå maskinparken til Høgskolen Stord/Haugesund (HSH).

Det fylgjer 17"-skjermar med alle maskinane, som er av kvalitetstypen Dell - med Pentium 3-kompressorar. Minna varierer frå 128 til 512 Mb og dei er 4,5 år gamle. Gåveartiklane har vore i bruk heilt til i sommar, men HSH har fjerna innhaldet før maskinane tok turen til Bokn.

IT-ansvarleg i Bokn kommune, Ture Kristiansen, er sjølvsagt godt nøgd med fangsten. - Mange av desse er mykje betre enn fleire av dei me har i den kommunale maskinparken i dag. Ture har henta ein av pc'ane frå lageret på Biblioteket og klargjer han til bruk, noko som tar ein tre, fire timar.

Det var etter eit omvisningsmøte med IT-sjef ved HSH, Johnny Huse, at ballen begynte å rulla. Høgskulen har ein flott tradisjon med å gi bort pc'ar til skular i regionen, og denne gongen var det Bokn sin tur. Høgskolestudentar i dag har som regel eigne bærbare pc'ar, og HSH har ikkje det same behovet for ein stor maskinpark som tidlegare.

Mange kommunar rundt omkring har i dag fått ein økonomi som gjer det vanskeleg å imøtekoma skulane sine behov til maskinparkar. Derfor har slike gåvepakkar som dette svært stor verdi.

Skuleleiinga i Bokn får eit "positivt problem" når dei skal avgjera kor computarane skal plasserast.



FLOTT GÅVE: Pc'ane er førebels lagra i magasinet på Biblioteket.

- Ein del lærarmaskinar har svært lite minne, enkelte berre 32 Mb, og eg vil i alle fall råda dei til å bytta ut desse, avsluttar Ture.

Dette kan skulesjef Dag Halvorsen bekrefte.

- Vi kommer i første omgang til å bytte ut gamle maskiner. Hva som skjer vidare har vi ikke tatt stilling til enda.



STORTINGS- OG SAMETINGSVALET 2005

Her kan du røyste



Det blir halde val på representantar til Storting og Sameting måndag 12. september 2005.

Stortingsvalet

Du har røysterett ved stortingsvalet dersom du er norsk statsborgar over 18 år. Det held at ein fyller 18 år i løpet av valåret (dvs. 2005).

Alle som skal stemme, må være innførte i manntallet. (Manntallet er oversikta over dei som har stemmerett i kommunen). Du står i manntallet i den kommunen der du var registrert i folkeregisteret som busatt 31. mai i år. Har du flytta, er det fortsatt adressen 31. mai som avgjer kvar du har stemmerett.

Sametingsvalet

Røysterett ved sametingsvalet har samar som er norske statsborgarar og som er over 18 år. Det held at ein fyller 18 år i løpet av valåret (dvs. 2005).

Alle som skal stemme, må stå innførte i same-manntallet på valdagen. (Samemanntallet er oversikta over personar som har registrert seg og som har stemmerett ved sametingsvalget).

Dersom du var innført i samemanntallet ved valget i 1997 eller 2001, blir du automatisk ført inn i manntallet i den kommunen du var registrert som busatt i folkeregisteret 31. mai 2005. Ellers må du ha søkt om innføring. Fristen for å søke om innføring i samemanntallet for å delta ved valet i 2005, var 31. mai 2005.

Røystestad i Bokn, valdagen:

Opningstid:

Boknatun, Allrommet. kl. 09.00 – 20.00

Bussruter valdagen, måndag 12. september 2005.

Frå Kro kl. 09.20	frå Våga kl. 09.35	Føresvik kl. 10.00
----------------------	-----------------------	-----------------------

Frå Are kl. 10.15	Loten kl. 10.20	Føresvik kl. 10.40
----------------------	--------------------	-----------------------

Retur:

Frå Føresvik kl. 10.50	Kro kl. 11.05	Våga kl. 11.15
---------------------------	------------------	-------------------

Frå Føresvik kl. 11.30	Are kl. 11.30	Loten kl. 12.00
---------------------------	------------------	--------------------

Ambulerande røystring

Dersom ein vel, på grunn av sykdom eller uførhet, ikkje kan komme til vallokalet på valdagen kan vedkommande søke valstyret i kommunen om å få stemme heime eller der velgaren oppheld seg. Søknad om å få røysta heime er sett til 6. september.

Søknad sendes : Valstyret i Bokn, Boknatun, 5561 Bokn.

FØREHANDSRØYSTING PÅ BOKN SJUKESTOVE

Det vert halde førehandsrøystring på Bokn sjukestove

Fredag 9. september **FRÅ KL. 11.30 – 13.30**

Alle som er til stades der, bebruarar, tilsette, pårørande og vener som er på besøk, har høve til å røysta.

Førehandsrøystringa er sjølvstøtt også open for bebruarane i trygde- og omsorgsbustadene.

Viser til oppslag på Boknatun med nærare opplysningar.

Fleire opplysningar om førehandsrøystringa og om aktuelle endringar i vallova i høve til tidlegare år får du i telefon 52 75 25 00.



Slutt for butikken i Alvestadkroken

Hanne Marte Vatnaland

I slutten av august stenger krambua i "Krojen" for aller siste gong.

Nærbutikken har ikkje berre blitt brukt som ei forretning kor ein kan handle daglegvarer, men også ein møteplass for gamle og unge; nett som det var "før i tiå". Det er difor naturleg at dei mange stamkundane til nærbutikken fryktar for det koselege miljøet i Alvestadkroken som dei har tatt vare på i så mange år.



NEDLEGGING: Snart er det kroken på døra for aller siste gong.

Grunnen til avviklinga er at regnskapet ikkje går opp, og Svein Ove Alvestad, som har halde oppe butikken i snart to år, har lenge tatt av eiga lomme.

- Eg burde vel eigentleg ha gjort dette for eit år sidan, seier han.

Likevel synest han det er sørgmodig å gi opp butikken, som har vore i familien i fire generasjonar.



POPULÆRT: Online-systemet frå Norsk Tipping betyr mykje for mange boknarar.

Svein Ove trur avviklinga av butikken vil ha negativ påverknad på nærmiljøet i Krojen, som har vore den største tettstaden i kommunen sidan slutten av 1800-talet, og elles på Bokn.

- Det er klart, det er jo eit mindre tilbod i Bokn både for innbyggjarar og turistar, og det ser dei aller fleste på som svært negativt. Sjølv sagt kjem vi til å sakne ein møtestad, men i tillegg blir fleire arbeidslause, og eldre som hadde butikken så nær seg at det å komme seg til og frå ikkje var ei stor sak må nå komme seg til Føresvik, noko som kan gjere det vanskeleg for mange.

På spørsmålet om det finst ei samanheng mellom avviklinga av butikken på Austre Bokn og butikken i Alvestadkroken, seier han at det er ikkje ukjent at små butikkar har det svært tøft, i tillegg til at dei må tilpasse seg krava innanfor kjeda (standard på butikken, datautstyr, osv.), som gjer drifta enda meir umogleg om ein allereie slit med å få til ei omsetning.

- Sjølv sagt er det ei dårleg trend når to butikkar blir nedlagde med kort mellomrom.

Med denne nedlegginga forsvinn også Online-systemet frå Norsk Tipping. Styrar ved Coop Bokn, Annbjørn Sund, seier i ein kommentar at dei la

inn ein søknad for lenge sidan og håpar nå at dei kan overta dette.

- Det er trist dersom dette forsvinn frå Bokn, meiner Annbjørn, som ynskjer nye kunder velkomne.

Handelslaget i Føresvik har ikkje planar om utviding sjølv om dei nå blir einaste daglegvarebutikk i Bokn.

- Butikken er godt oppe og går og me jobbar hardt for å ta vare på kundene våre, avsluttar Annbjørn.

Historikk

Oldefar til Svein Ove, handelsmann Peder O.

Alvestad starta med handel og bakeri i eit hus frå 1901, før han ti år seinare skifta til eit eldre hus med kai; huset som blir brukt til butikk den dag i dag. Peder utvida kaien, og bygde eit nytt, stort sjøhus og eit nytt bustadhus.

Sidan tok sonen Olav over i 1939, og sone-sonen Steinar i 1961. På 90-talet gjorde Steinar

om sjøhuset til festlokale, overnatting og kafé.

Tor Harald Alvestad og Marit Øvrebø dreiv butikken frå oktober 1998 til mars 2003, før Per Våge og Siw Overå overtok.

Bror til Svein Ove, Espen og kona Åse Helen overtok sjøhus- og butikklokalet 1. juli 2003. Svein Ove tok over butikkdrifta i november same år. No er det ukjent kva butikklokalet skal bli brukt til.

- Svært trist

Bygdabladet gjekk innom krambua i Alvestadkroken for å høyre kva folk meiner om avviklinga.

Då eg tok turen til Alvestadkroken for å intervjue kundar og tilsette, kunne eg fort forstå kvifor folk kjem til å sakne krambua som har vore der siden dei eldste var yngst.

Det ligg ei hyggeleg atmosfære over kaien, og alle heldsar til og med dei mindre kjende. Inne i butikken smilalar kundar og tilsette om kapp - til og med i desse dagar. Her kan du sjå kva dei meiner:



Gustav Kjellesvik:

Kva betyr det for lokalmiljøet at butikken forsvinn?

Det er jo trist, nesten slik at ein kjem på gråten. Det er ein stad kor folk treffest, og det blir nok ein trist dag den dagen det tar slutt. I tillegg blir det meir tung-

vint for oss som ikkje har bil å komme oss til Føresvik, tidlegare har me jo berre kunne gå rett over vegen.

Kor lenge har du vore fast kunde?

Eg har vore fast kunde så lenge eg kan minnast, og kona mi handla her når ho var lita, og foreldrene hennar.

Kvifor handlar du her?

Det er jo rett over vegen, og prisforskjellen er ikkje så stor på dei større butikkane.

Kva kjem du til å sakne mest?

Eg kjem til å sakne det sosiale, og å treffe på kjende.



Daniel Dobrev og Didrik J. Alvestad:

Kva betyr det for lokalmiljøet at butikken forsvinn?

At me ikkje kan springe ned å kjøpe is lengre, men må gå

heilt til Føresvik.

Kor lenge har de vore faste kundar?

Me bytar litt på å handle her, og på handelslaget.

Kvifor handlar de her?

For det hendar ofte at me treffer på kjente.

Kva kjem de til å sakne mest?

At når det er veldig varme sumardagar, kan me ikkje gå ned å kjøpe noko kaldt å drikke eller is. Og me kan heller ikkje kjøpe bensin her sjølv om båten ikkje ligg langt i fra.



Kor lenge har du vore fast kunde?

Heilt sidan me bygde hus her har me vore faste kundar.

Kvifor handlar du her?

For det er det som er nærbutikken vår.

Kva kjem du til å sakne mest?

Det eg kjem til å sakne mest må nok bli den gode servicen og miljøet.



Randi Nilsen:

Kva betyr det for lokalmiljøet at butikken forsvinn?

Det betyr at det blir verre for dei eldre som bur i Alvestadkroken å få dei varene dei treng, og at me mistar ein møtestad.

Kor lenge har du vore fast kunde?

Eg har vore fast kunde her sidan me flytta til Krojen for om lag 20 år sidan.

Kvifor handlar du her?

Bortsett frå at det er nærast, syns eg det er viktig å ta vare på små butikkar som denne, elles vil det skje som nå.

Kva kjem du til å sakne mest?

Eg kjem til å sakne ein kjempekjekk jobb, og det sosiale med å snakke med alle dei kjekke kundane.



Trond Vatnaland:

Kva betyr det for det lokale miljøet at butikken forsvinn?

Det betyr også at ein fin møteplass forsvinn.

Kor lenge har du vore fast kunde?

Eg køyrer helst hit, sjølv om eg bur i Føresvik, og det har eg alltid gjort.

Kvifor handlar du her?

For eg synst det er koseligare her.

Kva kjem du til å sakne mest?

Det må nok være miljøet.

Ikkje vanskeleg å sjå at både store og små kundar kjem til å sakne nærbutikken sin, og tilsette Ingunn og Randi er einige om at sumarlivet ikkje kjem til å vere det same, etter at butikken ikkje er i drift lengre.

- Det blir nok ikkje same straumen her på kaien med båtar og turistar, og det blir trist, seier Randi. Når dei tilsette køyrer varer til eldre som ringer til butikken og bestiller, er tilbakemeldingane dei får stort sett dei same:

- Svært trist.



Møyfrid Vatnaland:

Kva betyr det for lokalmiljøet at butikken forsvinn?

Det er jo dårleg for miljøet, det var ein triveleg møtestad kor ein kunne treffe på kjente, og mindre kjente.

På neste side kan du lesa om ein som meiner det heile er ein tragedie.....

Hamstrar til ny tid

Jardar Havikbotn

- Dette va livet mitt, sukker stamkunde Bjarne J. Våge medan han tar godt til seg av enkelte varer på den nedleggingsklare nærbutikken i Alvestadkroken.

Den 85 år gamle stamkunden har byrja på slutten av dei uttallige handleturane han har hatt på krambua, heilt sidan han som unge rodde over sundet frå Austre Bokn for å oppleve ekspedering over disk, spytteklyser og tobakksskrå til sjølvbetjening og online-tipping.

Handleturane i august er spesielle, for nå hamstrar nemleg Bjarne ting som eignar seg for lagtidslagring, med tanke på situasjonen som oppstår for han når landhandelen stenger for godt i slutten av månaden.

For Bjarne er ein av dei som då får lengre veg til ein handelsstad. Han ser ikkje for seg å gå til Føresvik for å handla, ei heller å tinga proviant på telefon for så å få varene heimkøyrd.

- Nei, det blir ikkje det sama å ringa. Eg vil helst handla sjølv, må sjå det eg handla, seier den pensjonerte fiskaren, som lagar middag til seg sjølv kvar dag.

Drosje

Men det blir i alle fall mindre køyring på vegen nå, ein liten fordel oppi alt det negative.

Apropos, Bjarne saknar sterkt ein drosje i Bokn.


- Mykje hadde blitt lettare med drosje. Ein privatperson kunne kjørt oss rundt her på dagtid, og det er ikkje berre til butikk dette er aktuelt.

Han nemner kommunale tenester som eit døme.



DEN GONG: Optimisme og nyopning 19. mars 2003.

85-åringen føler seg innestengt og vil ikkje "plaga" naboar med transportbehov. Fleire gonger kjem han inn på kor fint det hadde vore med dagtaxi.



17. AUG. 2005: Bjarne J. Våge hamstrar varer til dagane etter at butikken hans forsvinn.

- Eg håpar kommunen får til ei slik ordning, seier ein som lurar på om han må på sjukeheim for å få det betre.

Han er rett og slett fortvila og veit ikkje heilt korleis det vil bli, den nye måten å skaffa seg mat på. Sjølv om Bjarne svartmalar situasjonen ligg smilet på lur når han hamstrar varer, og han mimrar tilbake då han handla her hos Peder og Sina i 1930-åra.

Men han blir fort alvorleg igjen når han snakkar om kor svekka miljøet på kaien blir; mindre folkeliv, ein stillare krok av Bokn.

Så mykje betyr dette for Bjarne at han seier at det var livet hans.

La oss håpa alt ordnar seg, for ein som representerer dei utan bil og som er dårlege til beins, dei som får det vanskelegast i tida etter at nærbutikken stenger for godt.

Det er beklagelig at me må gå oss med butikken i Alvestadkroken.

For liten omsetning i forhold til kostnadane og med tap over lang tid, gjer at me dessverre må gi opp.

Mykje kunne sikkert vore Betre, men me har gjort så

godt me kunne for å prøva å oppretthalda nærbutikken i Alvestadkroken.

Etter at der har vore 3 drivarar av butikken på få år så har mykje vore prøvd, men nå blir det ingen som overtar. Etter over 100 års tradisjon er det slutt for nærbutikk i

Alvestadkroken.

Miljøet i Alvestadkroken mistar noko som har særprege plassen over lang tid, ein populær møteplass forsvinn, mange får lengre og tyngre veg til butikk og 3 stk miste arbeidet sitt.


Dette er trist og beklagelig,

men eg ser ingen anna løysing.

Til slutt vil eg takka alle som har brukt butikken opp gjennom mang år og håpar det har vore trivelig og greitt å handla her.

**Svein Ove Alvestad
Alvestad Handel AS**

Brosjyre om fritidsfiske i Nord-Rogaland og Sunnhordland



Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd har gitt ut ein ny brosjyre om fritidsfiske i regionen.

Ifølge informasjonskonsulent i Friluftsrådet (nrshf), Knut-Arild Sørensen, er brosjyra meint å vera til hjelp når ein skal planlegga ein fisketur. Her finn ein oversikt over ei mengde fiskevatn i alle 12 medlems-kommunane til nrshf, med namn og

telefonnummer til seljarar av fiskekort.

Brosjyra får du i Servicetorget på Boknatun, eller du kan lasta han ned frå Friluftsrådet sine nettsider.

På www.nrshf.no finn ein også informasjon om badestrender og badetemperaturar.

Natursvin

Det er enkelte personer som klarer å bære med seg mat på fjellet, men å ta med det som dett på marka lar dei ligge igjen.

Det ligg også ein del av bondens søppel som han ikke gidder å rydde vekk.

Kent Viggo Thuestad



Fiskelukka sviktar aldri

Hanne Marte Vatnaland

Ingrid og onkelen trudde snøret hadde hekta seg fast på botn, då det faktisk var ein enorm rugg på kroken. - Eg brukar jo alltid å få fisk, smilar ho lurt.

Ingrid Birknes Langhelle og onkelen Helge var på veg heim frå fiske i ein liten påhengs, vest i havet utanfor Byrknesøy i Ytre Sogn tidlegare i sommar, då Ingrid brått fekk napp. Dei trudde ho hadde hekta seg i botn, sidan det ikkje var særleg djupt, så dei byrja å køyre fram og tilbake medan Ingrid sveiva, og onkel drog i snøret for å få det laust.

Då det etter 25 minuttar med strev plutsleg dukka ein enorm kjeft opp frå vatnet, skvatt Ingrid slik at ho rygga heilt opp til baugen på båten, mens onkelen ikkje slutta å le før dei var komne i land, og sa at det var heilt utruleg at den vesle fiskestanga til Ingrid hadde heldt stortorsken.

Dei kom seg i land til nokre kjenningar av Helge som skulle vege fisken, men dei var ikkje heime. Etter mykje kaving for å få fisken opp på vekta, køyrde Helge for å hente assistanse.

- Først sette vi vekta på seks kilo, så måtte vi opp til ti kilo, men ikkje ein gong det var nok!, fortel Ingrid, som stod med store auge og såg på at stortorsken ho og onkelen hadde dradd opp, vog heile 16,5 kilo.

Dei ringte til eit søskenborn og fortalde at han måtte komme ned med ei trillebåre. Han spurde kvifor i all verda han ikkje berre kunne ta med ein plastpose, men det fekk han svar på når han kom ned.

- Han kom med trillebåra i finskoa sine og skulle hjelpe til med å sløye fisken, han er så jålete!, ler Ingrid.

- Etterpå egla vi han om han ikkje skulle bli doktor. Til

slutt blei fisken hengd til tork.

Ingrid er ikkje så sjokkert no lengre over hendinga.

-Eg fiskar kvar dag når eg er der oppe, og brukar å få napp kvar gong, men den dagen var det berre onkel som hadde fått fisk, smilar ho. Ho forsikrar likevel om at fiskane dei brukar å få ikkje er på langt nær så store som denne.

- Det er eigentleg berre sånne små, men etter å ha fått ein slik rugg på kroken, vil nok det meste virke smått...

Det er kjent at torsken bit villig utanfor øysamfunnet, som ligg om lag 8 mil nord for Bergen og som har kort veg ut til ope hav.

Likevel er ho sikker på at det var eit eingongstilfelle, og har ikkje noko råd til andre fiskeglade som kunne tenkt seg ein slik fangst.

- Det var nok berre flaks.



Ingrid og storfangsten smilar om kapp.

Folk har fått smaken på gardsmat frå Arsvågen

Reidar Alvestad

Dagleg leiar på Arsvågen Kro og Gardsmat, Lillian Walland, seier at salg av Angus kjøt og kjøtprodukt har auka så mykje at dei den siste tida har hatt nok med å skaffa tilstrekkeleg med varer for å dekkja etterspørselen.

Ting tar tid

Dei nye eigarane av Arsvågen Kro og Gardsmat starta opp igjen drifta i mai for vel eitt år sidan. Det første året viste at konseptet med gardsmatutsalg kombinert med kafe og selskapslokale hadde livets rett. Men det er først i år at salget av gardsmatprodukt har tatt seg så godt opp.

Det tar tid å bli godt kjend i distriktet, og å bygga opp eit vareutval som er attraktivt og salgbart. For det var dette å ha gardsmatbutikk som var hovudutfordringa for dei 6 eigarane av prosjektet. 4 av dei driv med produksjon av okserasen Angus som det nå er så god omsetnad på.

Den tida som er gått frå dei opna gardsmatbutikken, har dei brukt godt for å marknadsføra seg. Dei har hatt annonser i aviser i distriktet, vore til stades på messer som Kjøttfestivalen i Ølen, på Bondens Marked, og dei skal på Rennesøydagane den 3. september i år. Vidare har dei laga ein brosjyre kor dei presenterer kjøtprodukt sine. Denne deler dei ut der dei får lov. Dei har også fått opp meir reklame på ytterveggen av terminalbygget som vender mot parkeringsplassen.



Tidlegare i år kom denne reklamen på endeveggen som vender mot biloppstillingsplassen på ferjeterminalen.

Mange produkt

Ser ein seg rundt i butikken, oppdagar ein masse typer produkt i kjøledisk, frysediskar og i hyllene. Det meste er såkalla nisjeprodukt som ikkje er masseproduksjon. Utanom kjøtprodukt som er frå eigen produksjon, har dei Lundal sin spekemat. I kafeen brukar dei også kjøt frå eigen produksjon t.d. i biffsnadder, pølser, og hamburger, men dei har også Fatland sine grillpølser.

I butikken sel dei anguskjøt i alle variantar og opp-

stykking, alt etter kva ein skal bruka det til, pluss bearbeidde kjøtprodukt frå denne rasen som pølser og kjøttdeig. Dei har også eigen spekemat frå angus for salg. Dette er spesielt, for det er mest vanleg med spekemat frå svin og sau.

Elles har butikken masse andre spesielle produkt som saft og syltetøy frå Hervik, Aronia saft frå Jæren, honning og ulike sirupslag av bær og frukt frå Nedstrand, te, krydder, drops, oljer, kremar og andre naturprodukt frå Kjerringgarden på Bjoa.

Dei har også naturprodukt og andre hygienepreparat frå Såpeheksa. Elles går det på gåveartiklar av tre frå Alfred Lie i Sveio, skinn frå Ølen og løvsagarbeid i tre frå Tysvær. Dei har også smykker, klokker og ringar frå Visnes.



Hyller, fryse- og kjølediskar har nå større varesortimenten, slik at lokalet meir framstår som ein gardsmatbutikk med kiosk og kafefunksjon i tillegg.

Stadig nye vareslag

Det er på langt nær alle varetypar som er nemnde her. Dei har også ein del vanlege kioskvarer og aviser mv. Gardsmatbutikken har heile tida utvida sortimentet, og vil også gjera det framover dersom det er gode produkt som dei bør ha. Til dømes har dei selt heimebakst som potetkaker og nordlandskaker som dei etter kvart får inn igjen framover. Dei er også interesserte i å få inn strikkeprodukt.

All slags kundar

Det har tatt tid å auka omsetninga frå gardsbutikken. Dagleg leiar Lillian Walland seier til Bygdabladet at dei ser at marknadsføringa har virka. Som fylgje av annonser har dei hatt ein del vareleveransar både til privat forbruk og andre, pluss at mange frå distriktet kjem og handlar. Men også mange reisande med ferja kjem innom og kjøper varer frå gardsmatbutikken.

Når det gjeld sine egne kjøtprodukt, meiner dei at dei i utgangspunktet har god kontroll på at kjøtet har god kvalitet ved at dyra dei får slakta er under 2 år, og at kjøtet heng 2 veker for å møyrnast. Dei har også fått egne logoar på produkta sine, og logo på brosjyren

som dei bruker i marknadsføringa.

Stor trafikk

Lillian Walland seier til Bygdabladet at med dei hyppige ferjeavgangane som nå er på kvardagane, merkar dei det på omsetninga ved at ikkje så mange av dei reisande som ynskjeleg ser seg tid til å stikka innom. Men dei har likevel ein stor del kundar av reisande i sommarhalvåret, særleg fredag, lørdag og søndag. Mange gonger må dei halda ope langt utover stengetid på søndagskveldane.



Det vil nok bli ei viss endring på dette frå 2007 når to gassferjer skal trafikker sambandet med avgangar kvar halvtime.

Kafe- og selskapslokala

Kafe- og selskapslokala går også veldig bra. Når det er store utfartshelger, festivalar, feriar og liknande, er det av og til så stor omsetnad at dei går tome for varer. Etter kvart får dei erfaring på dette, og kan forebygga det ved å ta inn større lager for slike toppar.

Elles går det mykje på snarmat som pølser og hamburgerar for reisande som har lita tid. Dei har likevel fast søndagsmiddag med dessertbord heile året, og mange nyttar seg av det. Som tidlegare har dei komla på torsdagar.

Arsvågen har også eit tilbod når det gjeld catering ved at dei leverer smørbrød, snittar, koldtbord eller middag, og kan ta på seg arrangement i selskapslokala.



Hyller, fryse- og kjølediskar har nå større varesortimenten, slik at lokalet meir framstår som ein gardsmat-butikk med kiosk og kafefunksjon i tillegg.

Økonomi

Første året som berre blei litt over eit halvt kalenderår, gjekk i minus. Dette var også berekna, i og med at det er ein god del investeringar i starten. M.a. har dei investert i ein firmabil med fryse- og kjølekapasitet til bruk på messer og liknande. Dei håpar nå etter kvart at den gode trenden skal føra til at dei får eit betre økonomisk resultat etter kvart.

Minneord

Den lange reisa er over for det gode mennesket frå Strandavik. Ingrid Våge er død, 89 år gammal.

Tante Ingrid var eit menneske som sette spor etter seg, ikkje fordi ho hadde viktige styreverv eller fine titlar. Ho hadde noko som var mykje større.

Når eg kom på besøk som 10-11 åring, stod ho alltid klar attom nova med plagget godt knytta. Så la ho hovudet på skakke, slo hendene saman og sa det som eg visste ho kom til å seia: "Å nei, å nei, at du skulle koma te na tante akkurat nå, det var nå det gildaste som kunne skje."

Først som vaksen gjekk det opp for meg at ho sjølvsagt sa det same til mange andre.

Og ho meinte det like sterkt kvar gong. Eg trur at dette var tante Ingrids største gåve til oss:

Denne unike evnen til å få kvar enkelt til å kjenna seg utvalgt og spesiell.

Å vera på ferie hos tante Ingrid betydde å sova i kammerset med to dyner og tre puter. Til frokost vanka det krumkaker og tørrvafler.

Utpå dagen dukka det på mystisk vis opp banankjeks og sjokolademus, frakta i tomme melkespann frå Koparvik. Og tante Ingrid sa at det var nå slik dei pleidde ha det der hos dei. Alle som har vore på besøk hos Ingrid og Johan Våge veit kva det vil seia å kjenna seg velkomen og verdsatt.

Eg tenkjer på henne som eit uopp-slieteleg oppkomme av omsorg, nærvær og givarglede. Og eg har mang ein gong lurt på kvar ho fekk overskotet frå. For det var flest kvardagar, også i hennar liv.



Ho var eldste jente i ein søskenflokk på ti på småbruket i Våga. Som femten-åring var ho åleine med ansvar for fjøs og fire småsøsken, mens foreldra dro på sjøen tidleg om morgonen.

Ho fortalde om det meir enn ein gong, med latter og stor detaljriksdom: "Eg sette ungane i kalvegarden eg, så visste eg kvar eg hadde dei den stunda." Eg har henne mistenkt for å pynta litt på historia, det kan ikkje ha

vore like kjekt alltid.

Ho var fiskarkone i ein mannsalder. Meir enn ein gong gjekk ho frå glas til glas mens brisen vart til kuling. Det må ha leita på, men ho snakka aldri om det.

Men det var slik ho var. Ho sparte på det lyse, det tunge la ho bort.

Det er vanskelig å finna ord på det som kan beskriva tante Ingrid.

Ho berre var så inderleg seg sjøl. Med si sterke barnetru og si like grunnfesta tru på det gode i mennesket.

Når ferien var slutt, og eg skulle dra, slo ho alltid fylgje opp til grinda. Så tok ho fram ei stripe kokesjokolade frå forklelommen, putta den som snarast i handa mi og sa "nana".

Det er dette eg kjem til å sakna aller mest: Tante Ingrid der ved grinda, med plass og forkle, mens ho sa det eg visste ho kom til å seia:

"Tenk at du ville vera her hos meg, det var nå det gildaste som kunne ha skjedd."

Sigmund, Solvor, Jan Inge og Hege, de er ein liten familie. Måtte det vera til trøyst for dykk at vi er mange som saknar og syrgjer over det gode menneske frå Strandavik.

Vi vil minnast henne med stor takk livet ut.

Jorunn Voll

Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

AUGUST

28. Speidarens dag, oppstart Ekorn speiding;Ulv og Meis og Speiderar (m/familier) på nærmil jøanlegget, Fyren kl. 13.00
28. Gudsteneste kl. 11.00.
30. Formannskapsmøte

SEPTEMBER

02. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
04. Bruamarsj, arr. Bokn idrettslag
04. Misjonsfest NMS på Bedehuset kl. 19.00
06. Speidar -patruljemøter
09. Alpha fest m/reker på Bedehuset kl. 19.00
11. Gudsteneste kl. 11.00 Presentasjons-gudsteneste/50-årskonfirmantar
13. Ulv og meis, speidar - patroljemøte
14. Foreldrekveld med Bjarne Austeid i auditoriet kl.20.00 arr. Ekornspeidaren
15. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
18. Ekornspeidaren på krabbejakt, oppmøte moloen i Kroken 15.00
18. Møte m/ABR senteret på Bedehuset kl. 19.30
23.-25. Bokn skulekorps til "Karmøy brass"
20. Kino i Auditoriet
20. Speidar—patruljemøte
25. Gudsteneste kl. 15.00 - Hausttakkefest
27. Ulv og meis, speidar - førarmøte
27. Formannskapsmøte
28. Alpha på Bedehuset
29. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
30.-
01.okt. Ulv og Meis-tur til Rønningen

OKTOBER

01. Irsk aften, arr. Bokn idrettslag
04. Speidar - patroljemøte
05. Basar Indre Sjøm.misjon på Bedehuset kl. 19.30
09. Gudsteneste kl. 11.00
09. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps
Veke 41 Haustferie, Bokn skule
11. Kommunestyremøte
12. Alpha på Bedehuset
15. Seminar, Bokn brass
16. Ekornspeidaren på tur til Speidarskogen, oppmøte ved busshytta i Knarholmen kl. 15.00
16. NMS på Bedehuset kl. 19.30
18. Kino i Auditoriet
18. Ulv og meis, speidar - førarmøte

20. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
21.-23. Speidartur til Vigdarheim
21. Bedehusbasar kl. 19.30
22. Auksjon, arr. Bokn musikkorps
23. Gudsteneste kl. 11.00
25. Formannskapsmøte
26. Alpha på Bedehuset
27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30

NOVEMBER

01. Ulv og Meis- opptak, Speidar - patroljemøte
04. Kulturkveld på Bedehuset kl. 19.00
06. Gudsteneste kl. 11.00 - Allehelgenssundag
06. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps
08. Speidar-opptak på Bedehuset
09. Alpha på Bedehuset
13. Gudsteneste kl. 16.00 - Bibel til 4-åringane
15. Kino i Auditoriet
15. Ulv og Meis, Speidar - patroljemøte
15. Formannskapsmøte
19.-20. Seminar, Bokn skulekorps
20. Ekornspeidaren går tur til radaren på Austre Bokn, oppmøte i Nordre Våga kl. 15.00
22. Speidar - førarmøte (blindebukk)
23. Alpha på Bedehuset
24. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
26. Seminar, Bokn brass
27. Gudsteneste kl. 19.00 - Lysmesse, alle speidarar (Ulv og Meiser, Ekornspeidere)
29. Ulv og Meis, Speidar - patroljemøte

DESEMBER

01. Formannskapsmøte
01. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00
06. Grøttest for speidarane kl. 18.00 på skulen
07. Alpha på Bedehuset
11. Gudsteneste kl. 11.00
11. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
13. Kino i Auditoriet
13. Kommunestyremøte
18. Nissemarsj, arr. Bokn idrettslag
18. Juletreffest på Bedehuset kl. 15.00, arr. Ekornspeidarane
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletreffest på Bedehuset kl. 15.00
31. Gudsteneste kl. 16.00



Fylkesfinalen i sykling 2005 på Bokn

Hanne Marte Vatnaland



Trygg Trafikk og MA-Ungdom skal arrangere fylkesfinale for Rogaland i sykling for 18 året på rad, og i år har dei bedt Bokn om å vera vertskapskommune.

Kvar vår blir det avhalde ein sykkelknappprøve for 6. klassingar på dei aller fleste rogalandsskulane.

Den beste guten og jenta frå kvar kommune får delta i ein fylkesfinale litt ut på hausten, når dei går i 7. klasse. Kvar deltakar skal gjennom:

- Teoriprøve
- Dugleiksprøve
- Gateløp

Sjølve finalen reknar ein med vil bli heldt **torsdag 15. september**, og arrangørane ser for seg Føresvik og Bokn skule som den sannsynlege staden.



Helseinfo

Etter forslag frå Tverrfagleg gruppe startar vi opp ei ny fast spalte i Bygdabladet; kalla **Helseinfo**.

Spalta skal innehalde generell informasjon om helsefaglege

tema med førebyggjande fokus eller informativt, aktuelt helsestoff.

Spalta vil bli skreven av fagpersonar i kommunen, t.d. helsesøster, fysioterapeut,

lege, jordmor, psykiatrisk eller geriatrisk sjukepleiarar, helsesjef eller anna fagutdanna helsepersonell.

Som første innlegg vil vi gjerne orientere om:

TVERRFAGLEG GRUPPE FOR BARN OG UNGE

Gruppa vart oppretta for fem år sida, og er samansett av barnevernleiar(leiar), helsesøster(sekretær), rektor, barnehagestyrar og representant for PPT som faste medlemmer. Gruppa kan innkalle andre fagpersonar i kommunen ved behov, t.d. fysioterapeut, sosi- allærar, psykiatrisk sjukepleiar, seksjonssjefar, osb.

Formålet med gruppa er å ha eit forum kor innsatsen for barn og unge generelt er i fokus, og å sikre at enkeltindivid med problem får eit heilskapleg tilbod på tvers av dei forskjellige fagmiljøa.

Gruppa har faste møter annakvar månad. I periodar eller når ei sak hastar, kan det vere behov for ekstra møter. Ansvarleg leiing skal ha høve til å følgje med i gruppas arbeid, og får anonymiserte referat frå møtene i tillegg til årsmelding.

Det er laga eigne retningslinjer for arbeidet:

Gruppa skal skilje mellom tre slag saker:

- **Generelle saker.** Gjeld generelle emner som førebyggjande tiltak, miljø i barnehage/skule/fritid,

behov for innsatsområde, osb.

- **Saker der den det gjeld er anonym.** Drøfting kring ei problemstilling som gjeld ein bestemt person, men kor namn ikkje er opplyst. Konklusjonen kan bli at spesielle fagpersonar får ansvar for å følgje opp, eller at saka formelt blir meldt til barnevernet.
- **Saker med namn på den det gjeld.** Gjeld saker med enkeltpersonar der foreldra må ha gitt sitt skriftlege samtykke til at saka skal takast opp i gruppa. Foreldra har rett til å møte i gruppa i slike saker. Den som har ansvar for saka har og ansvar for tilbakemelding til foreldra. Namn på vedkommande skal ikkje brukast i møteinnkalling eller referat.

Mange foreldre har sikkert fått med seg at det siste året har vore ein del fokus på fysisk føstring og ernæring i relasjon til barn og unge – via helsesøster og fysioterapeut. Helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar vil i løpet av hausten gjennomføra ei kartlegging på ungdomstrinnet over korleis dei oppfatar sine "levekår".

Har nokon spørsmål eller interesse av at gruppa arbeider med spesielle tema, kan du ta kontakt med Reidar Alvestad, som er barnevernleiar, og dermed leiar for gruppa. Han har tlf. 52752504 / 98221504.

Me gratulerer!

Kristian og Andreas Hatlem (motorsykel) fylte 3 år 25. august.

Gratulerer med dagen!

Hilsen mamma og pappa.




Bygdabladet presenterer små og store jubilarar.

Send inn papir- eller digitalbilde og ein liten tekst, enten i konvolutt, som e-post:

jardar@bygdabladet.no eller som **MMS: 98 22 15 08**

Vi vil gratulere godguten Steffen med 1 års dagen den 25. august.

Hilsen fra Oss på Hommersåk



Barns tanker om hvordan man blir til:

Mange mennesker kommer aldri til jorden, men forblir rogn.

Babyer blir til i gjerningsøyeblikket.

Hvis frøet fra faren ikke treffer morens egg, blir det bare en vanlig omelett av det.

Hvis man ikke klarer å få barn, kan legen lage i et prøverør. Men de fleste barn er laget med vanlig rør.

Det er ikke så bra for gravide damer å ha eggeløst i urinen.

I gamle dager var det ikke lov for faren å føde barn. De syntes det var umusikalsk. Men i dag er det vanlig at moren og faren føder barnet sammen.

Kilde: Unni Lindell

Hva pappa lærer med en fireåring i huset:

Se alltid inn i ovnen før du slår den på.

Brannvesenet har minst fem minutters responstid.

Lego kan lekende lett passere gjennom fordøyelsessystemet til en

fireåring.

Duplo kan IKKE passere gjennom fordøyelsessystemet til en fireåring.

Søppelposer er dårlige

fallskjermer.

En sentrifuge i en vaske maskin kan ikke gjøre meitemark svimmel, men en katt kan bli det.

Boknar startar eige firma i England

Jardar Havikbotn

Utflytta boknar Joar Vatnaland, som er busett i Cambridge, startar i desse dagar opp som sjølvstendig konsulent.

Saman med kona Jenni skal han hjelpe små og mellomstore bedrifter å utnytte Internett betre som eit verktøy i forretningsdrifta. Det vil seia, heilt sjølvstendig er han ikkje, han startar opp som ein del av ein kjede av liknande konsulentar. Ifølge Joar gjer dette at han umiddelbart kan tilby tjenester

Joar Vatnaland i Arsvågen.



som ein veit er konkurransedyktige og som kunne tatt år å utvikle for seg sjølv.

Det var etter at den forrige arbeidsgivaren, ein produsent av programvare for kjemisk og farmasøytiske bruksområde, gjorde nedskjæringer at Joar fant seg på

arbeidsmarknaden igjen.

- Eg var vel i feil avdeling på feil tid, seier han lakonisk om nedskjæringa. Når slikt skjer, gjeld det å sjå mulighetar i staden for problem. Eg følte at å gå til ein annan programmeringsjobb ville vere å ta eit steg til sides. Så når eg kom over denne muligheten, såg eg det som ein sjanse til å ta eit steg framover.

Travle foreldre

Joar og Jenni har forøvrig nettopp fått sitt første barn, dattera Kelly Amber. Så dei har ikkje akkurat fritidsproblem for øyeblikket, for det krevst innsats å starta eiga verksemd.

Eit standard spørsmål til ein utflyttar er om han kjem til å flytta heim att.

- Eg trur ikkje tida er heilt inne for det. Me trivst godt her i Cambridge, men om nokre år kan det godt henda. Kjeden eg nå er inne i held på å spre seg frå England og inn i Europa, men førebels ikkje i Skandinavia. Eg får ta ein prat med leiaren, for eg kunne godt tenkja meg å hjelpe til med å gå inn på det skandinaviske markedet. Eg er iallefall temmeleg sikker på at eg er einaste nordmann som er med i kjeden. Prisnivået her er jo lågare enn i Norge, og eg ser ikkje bort frå at eg vil prøva å selja også i Norge.

I detalj vil Joar nå tilby alt frå temmeleg enkle web-sider til komplette nettbutikkar.

- Me hjelper også til med marknadsføring på nettet. Å ha ei side på nettet som ingen finn har ing-

enting for seg. Dessutan kan me tilby fiks ferdig intranett-løysingar for små bedrifter som hittil ikkje har tatt seg råd til slikt.

Den utflytta boknaren saknar nærleiken til naturen.

- Det å kunna setja seg på sykkelsetet, sykla seg svett og så kjøla seg ned med eit bad i ei elv eller tjern.

I England kan du setja deg i bilen og kjøra ein time austover, og det er kun jorder og bebyggelse. Du kan kjøra ein time nord, vest eller sør, og du har det same. Det er rett og slett alt for mykje folk, seier Joar, som ikkje synst det har vore vanskeleg å vera innflyttar i England.

- Nei, egentleg ikkje. Nordmenn og engelskmenn er temmeleg like. Så lenge eg hugsar på å slenge ordet 'please' etterpå det meste, for elles tykkjer dei du er ein uhøfleg barbar.

Joar får også tid til litt fotball på fritida.

- Akkurat nå er det berre 5-manns fotball. Eg spelte nemleg på lag med ein del ungdomar, og eg synest det gjekk temmeleg greitt. Men så ein dag fann dej ut kor gammal eg egentlig er. Då blei eg sparka ut or laget....Forøvrig er det litt historisk sus over å spela fotball på Parker's Piece midt i Cambridge. Det var nemlig akkurat der at fotballen oppsto med sine moderne regler. Eg opplever at eg er på historisk grunn der, avsluttar Joar.

Bygdabladet ynskjer lukke til

AluMarin er lagt ned


Jardar Havikbotn

Etter berre eit halvt års drift var det 1. august slutt for firmaet AluMarin.

- Det ligg ingen dramatik bak dette, presiserer Trond Vatnaland overfor Bygdabladet. Helsemessige grunnar og arbeidskapasitet gjer at dei fire som utgjorde AluMarin no har gått tilbake til å driva for seg sjølv igjen.

Dette betyr at firmaene Rune Vatnaland, Energi & Komfort og Heskja Plate og Sveis held fram som før. Sistnemde vil, som AluMarin var, vera lokalisert i nordre del av Knarholmen industriområde.

Heskja Plate og Sveis vil framleis vera lokalisert i nordre del av Knarholmen industriområde.



Demokrati

Me målte kor langt han hoppte
me målte kor fort hu sprang
Det var alltid någon så vant
kvar einaste målte gang

Me valgte oss partiet
me stemte på et portrett
Me målte kvar einaste stemme
valget blei talt opp rett og slett

Me målte kem så skreig høgast
me målte løfter i vekten av gull
Me målte tabet å gevinsten
å enda vel stor sett opp med null

Me målte kor langt han kasta
me målte om alt te poeng
Me telte opp måla te laget
me såg kem så delte politiske seng

Eg målte min egen stemme
det var ikkje møye eg fekk
Løftene rant ut i sanden
å stemmen drokna i en bekk


Å måla kor langt han hoppte
å måla kor fort hu sprang
E enkelt å klart så dagen
men ingen hørte min stemme så sang

Kjetil Hamre

Bokmelding av

Hanne Marte Vatnaland:

Harry Potter
og
Halvblods
prinsen
av
J.K. Rowling



Den sjette, og nest siste boka om trollmannen Harry Potter er endeleg komen ut, og svært mange av oss som ikkje har tålmod til å vente til ho kjem ut på norsk litt før jul, har skaffa seg eit engelsk eksemplar.

Det er mykje som skjer i trollmannsverda det sjette semesteret til Harry. Alle fryktar for sine næraste når fyrst Voldemort er vendt tilbake, og frykta spreier seg til Galtvort når nokon prøver å drepe fleire elevar ved skulen. Harry har sjølv sagt sine mistankar, og saman med rektor Humlesnurr prøver han å finne ein måte å stoppe fyrst Voldemort på.

Samstundes til Hermine si store erging, blir han den beste i klassa ved hjelp av ei lånt lærebok, som ein gong tilhørde ein som gjekk under kallenamnet

"Halvblods prinsen"


Harry Potter bøkene har gått frå det uskuldige nifse i "De vises sten" til det verkeleg mørke, mystiske og ufyselege i "Halvblods prinsen".

Kritikarane omtalar boka som den mest rørende og modne boka av alle dei til no utgitte bøkene i serien. Den sjette boka er mørkare, djupare, men også meir romantisk, og boka byr på både forelskingar og sjalusi-drama... Dessutan vil fleire løyndommar bli avslørt, og vi får vita heile historia til fyrst Voldemort og hans familie.

Sjølv om boka lever opp til alle forventningar, vil ikkje det seie at det manglar på overraskingar og sjokkerande hendingar, tvert imot. Boka er så spennande at du ikkje kan legge ho frå deg om du ville (tru meg, eg las den 600 sider lange boka på fem dagar i ferien), og gjekk til sengs med ei dundrande hovudpine...

No er det berre å glede seg til kinopremieren på "Harry Potter og Ildbegeret" (bok nummer fire), som kjem på norske kinoar 25. november.

Flink sommarhjelp



Hanne Marte Vatnaland, som har hatt jobb i Bygdabladet i to somrar no, føyer seg inn i rekka blant alle dei habile ungdommane som har arbeidd med bladet opp gjennom åra.

Ei veke er i knappaste laget når det gjeld å produsera ferdigstoff, men Hanne Marte har skrive, intervju, fotografert og redigert i turbotempo.

Så mykje blei produsert at det ikkje blei plass til alt i dette bladet, og resten kjem sjølv sagt neste gong. Då kan du m.a. lesa om kva ungdommar frå Bokn meinar om ei eventuell kommunesamanslåing, og kva dei veit om temaet.

Ein stor takk til den dyktige skribenten, som også er velkommen neste sommar!



Boknarar på skuleskipet M/S Gann

Hanne Marte Vatnaland



For avgangselevar betyr sommaren å vera spent på ein ny skule, nye lærarar, og nye vener. Og skal ein få nye klassekameratar, så betyr vel det at ein må ta farvel med dei gamle. Men ikkje for dei tre gutane frå Bokn.

Dei tre kom på tanken om Gann for det høyrdes ut som ein interessant og annleis måte å utdanne seg på, og dei har høyrd mykje positivt om skuleskipet frå andre.

- Grunnen til at det var der eg søkte var for det er veldig lett å få seg lærlingplass når ein har gått på skuleskipet Gann, seier Øyvind.

- Elevar frå Gann er svært ettertrakta, bekreftar Andrej.

Dei tre håpte på at i alle fall ein frå Bokn fekk ein av dei 75 plassane, og vart svært overraska då rektor ringde heim til Øyvind og Kjetil og gratulerte dei med plassane, etter at også Andrej hadde kome inn på første inntaket.

Øyvind, som framleis ikkje forstår korleis alle tre kom inn, seier han trur det har med fråvær å gjere.

- Når rektor ringde til meg og Kjetil, sa han det hadde mykje å seie at me har hatt lite fråvær frå skulen.

- Det kan i alle fall ikkje ha noko med karakterane å gjere, tøysar Andrej.

Skuleskipet M/S Gann blir driven av den kristelege foreininga USKF (Unge Sjømenns Kristelege Foreining). På Gann har elevane har faste plikter, som brannvakt, kjøkeneste og vaskeplikter, samstundes som ein går maskin- og bruvakter saman med skipets offiserar når båten er på tokt.

Når skipet ikkje er ute og seilar, ligg det til kai ved Tømmerodden, Hundvåg. Elevane bur på båten, og har ein skule på land kor båten ligg til. Her har dei verkstadhall, elektrolab og klasserom.

Sjølv om det er fullt lov for elevane å bu på båten i helgene, blir nok dei tre gutane ofte å sjå på Bokn.

- I helga reiser eg heim, utanom når me har vakthelg om lag tre helger i året. Det vil seie at me må vere på skipet heile helga, seier Øyvind.

Men Kjetil seier han reiser nok ikkje heim kvar helg, - Eg blir nok igjen på skipet nokre helger, både for det sosiale og kanskje for å få unnagjort noko leksearbeid. Det er sjølvsagt fleire ting ein kan ta seg til på båten, som å spele biljard, trene på trimrommet, surfe på Internett, spele bordtennis eller sitte å sjå på TV med parabol.

Har planane klare

Øyvind og Andrej skal bu saman på ein lugar, medan Kjetil skal bu for seg sjølv. Det første året skal dei gå grunnkurs i mekaniske fag, og alle tre seier dei vil vel-

je skipsteknisk drift til neste år. Til slutt får dei fagbrev som motormann, og dei satsar alle på å ende opp som maskinistar.

Mykje praksis


Dei er sikre på at dei vil få meir ut av skuleskipet enn dei ville få på ein vanleg skule.

- Gann er eit kristeleg skuleskip, men ein treng ikkje å vera kristen for å få plass. Det er mykje meir praksis på Gann, og ein del av undervisninga føregår i maskinrommet. Dessutan får me vera med på tokt to gonger i året, seier Andrej og gledar seg.

- På tysdagar kan ein få leksehjelp, og lærarane er jo elles rundt oss heile tida, i tillegg til fagfolk, legg Øyvind til. Toktene går langs norskekysten, og somme gonger til utlandet. Då blir det ofte arrangert fotballkampar, turar, og forskjellige bedriftsbesøk. Andrej skal snart skaffe seg ein berbar pc, noko Kjetil og Øyvind allereie har gjort. - Berbar pc er noko ein må ha på Gann.

Kjetil seier det er mykje positivt han kan få ut av opphaldet på Gann,

- Ein får eit kurs i tryggleik gratis av skulen som er nødvendig om ein vil jobbe på båt seinare, det kostar normalt 30.000 kr. I tillegg kjem vi inn i rutinar med vakt osv.



Øyvind Pedersen

Andrej Dobrev

Kjetil Vatnaland



Gymtime på ope hav!

Når eg spør om kva dei synest om å fortsette å gå i same klasse, blir det stilt ei stund.

- Eg skal nok bli lei av dei, ler Øyvind og ser bort på dei nye, gamle medelevane sine.

- Det er jo kjekt å ha nokon ein kjenner når ein kjem til ein ny plass, men om ein er åleine så blir ein på ein måte nødt til å oppsøkje andre elevar, forklarar Kjetil. Dei er einige om at det nok ville vore enklast å bli kjende med nye folk ved å fortsette på ein skule åleine, og plutselig blir frykta til oss andre for å begynne åleine på ein ny, stor skule til ei velsigning likevel...

Allereie andre skuledag skal dei ut på havet. Då går turen til Danmark.

- Det skal vera ein så kalla "bli-kjend tur", seier Kjetil som gledar seg til å byrje på Gann. Det blir ein fin forandring i forhold til vanleg skule, og ein skuledag litt utanom det vanlege, avsluttar han.

Lukke til!



Dette er lista til soknerådsvalet som var kome inn til godkjenning av soknerådet innan 11. august. Dette er då den einaste lista ved valet.

Soknerådet ynskjer å minne om at det er høve til å førehandsrøyste i servictorget frå 29. august og at valet på nytt sokneråd går føre seg i kyrkja etter gudstenesta

11. september og samstundes med stortingsvalet 12. september, då på Boknatun.

Alle som er medlem i Den Norske kyrkja frå 15

år og oppover har røysterett. Manntalet ligg til ettersyn i servictorget eller på kyrkjevevja sitt kontor. Hugs å nytta deg av røysteretten din!

Val av sokneråd i Bokn sokn 11. og 12. september 2005

Forslagsstillarar: Eva Moi, May Jorunn Vatnaland, Sigvart Våga, Solveig Våga, Ingunn Våge, Jorunn Larsen, Ingunn Are, Rita Jensen, Harry Vågshaug og Tor Harald Alvestad.

1.	Bjørn Erik Gundersen	61
2.	Bernhard Våge	56
3.	Leiv Våga	63
4.	Sigrun Hole Hosaas	51
5.	Eva B. Svendsen	66
6.	Lillian Grønnestad	28
7.	Daghild G. Alvestad	23
8.	Reidar Alvestad	59
9.	Ingrid Jøsang	50
10.	Rune Pedersen	37
11.	Eivind Øvrebø	59
12.	Linda Ognøy	48
13.	Jon Magne Lie	52
14.	Susanne Grønnestad	22
15.	Kjerstin Andersen	34
16.	Erik Øvrebø	34
17.	Onar Alvestad	47
18.	Kurt Jøsang	34
19.	Glenn Espeland	31

Ein kan gjere rettingar på røystesetelen ved å

- stryke namn
- setje inn nye namn og merke av kor på lista namnet skal stå
- endre rekkjefølgja på namna
- kumulere namn på lista ved å
 - skrive namnet ein gong til, eller
 - skrive «kum» ved namnet, eller
 - setje ein kryss (x) ved namnet

NB:

Det er berre dei 11 fyrste plassane på lista etter eventuelle endringar som får røyster ved opteljing.

Kumulering av namn ein fører opp sjølv på lista vert ikkje godteke.

Heim for ein 50-lapp

Hanne Marte Vatnaland

Ungdom frå Bokn treng ikkje lengere mase på foreldra for å komme seg heim billig på laurdagskveldane.

No har samferdselssjefen i Rogaland fått i stand ei heimkøyringsordning, slik at me kan komme oss heim til ein rimeleg pris, og ei rimeleg tid. Transporttilbodet for distriktsungdom er ei prøveordning.

Ordninga vil bli knytt saman med den allereie eksisterande nattbussruta i Haugesund som går kl. 01.00 frå posthuset. Bussen stoppar på Aksdal

på veg inn til Grinde, kor det blir oppretta bestillingsruter natt til sundag kl.


01.30 på strekninga:
Aksdal - Tysværåvåg - Kårstø - Føresvik

Ungdommane må ringe 52 77 63 33 (drosjeeigar Bjørn Hagen, Aksdal) seinast kl. 23.30 om dei ønskjer å sette opp transport frå Aksdal og heim.

For at turen skal køyrast må det vere minst 3 personer i alderen 16-24 år. På drosjen betaler dei som er mellom 16-24 år 50 kr.

For dei som har betalt billett på nattbussen og skal vidare blir beløpet trekt frå eigenandelen når ein viser bussbilletten.

Er det ledig plass kan andre følge mot



at kvar betaler 100 kr.

Fylkeskommunen vil også medvirke med støtte til skysst til arrangementene "Hall of fun" i Aksdal.


Ta kontakt med kulturkontoret, 52 75 25 08, dersom noko er uklart.

På kino
20. sept.

Charlie og sjokoladefabrikken (7 år)



Sammen med fire bortskjemte barn får fattiggutten Charlie en drømmedag på Willy Wonkas merkelige sjokoladefabrikk. Når dagen er omme skal en av de fem barna få en stor premie. Men kanskje er det Willy Wonka selv som får den fineste premien - takket være Charlie.



Tommys inferno (11 år)

Å gjøre det eller ikke gjøre det, det er spørsmålet for vår

mann Tommy. Han og kjæresten Maria har vært sammen lenge nok til at hun syns det begynner å bli på tide med noe mer enn klining og tafsing. Tommy derimot, har ekstrajobb som altergutt, genene til en som jobbet for Gud, og en idé om at puling er noe man venter med til man er gift.

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt innmark
Kr. 160,- pr. m3 fritt utkjørt utmark

Kontakt Morten Ullenes
4150 Rennesøy

51 72 31 33 900 16 817

*Hjertelig takk for all medfølelse, kranser,
blomster og hilsener ved vår kjære Ingrid Våges
bortgang.*

Simund, Solvor, Jan Inge og Hege

Takk for oppmerksomheten på min 60 års dag.

Haldis Grønnestad

Knalltørre ved

Låvetørket blandingsved, eik, furu m.m - 30 cm i
40 liters sekker
Kr. 30,- pr. sekk - tilkjørt

Tlf. 97 16 56 84



Hereford-kjøtt til salgs

Ferdig partert

Kjell Terje Bryningsland
52 74 85 12 - 97 09 83 39



Sinclair & the rovers



Nå starter vi opp igjen en tradisjon på Bokn

Irsk aften

Fredag 07.10.05 på Sjøhuset i Alvestadkroken

Åpent fra kl. 20.00

Salg av mat

CC kr. 200,-

Forhandssalg av billetter på Coop i Føresvik
og Alvestadkroken Landhandel

Påmeldingsfrist 03.10.05

Bokn idrettslag

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16

COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- **Dagligvarer**
- **Bensin—Diesel**
- **Medisinutsalg**
- **Driftsmidler**
- **Postfilial**
- **Bank i butikk**

coop
marked



I riktig retning

ODIN-fond kjøper du hos oss i SpareBank 1

Alle ODINs egenforvaltede aksjefond har gjort det bedre enn sine referanseindekser siden fondene startet, de første allerede i 1990.

Vi mener at kombinasjonen av fortsatt mange lavt prisede aksjer og lave renter gjør at potensialet for oppgang er stort. Ingen kan med sikkerhet si hvordan utviklingen vi bli, men historien viser at sparing i aksjer på lang sikt er lønnsomt.

Ta kontakt med oss i dag på telefon 02002 eller stikk innom oss i Bokn.

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

Landbruk Pluss og Bygningsloven

Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet har utarbeidet en veileder som omhandler forholdet mellom Plan og bygningsloven og prosjekter som gjelder oppstart av ny næringsvirksomhet på gårdsbruk.

Heftene kan fåes ved henvendelse til kommunen sitt servicetorg, men veilederen finnes også på www.planlegging.no eller www.landbruk.dep.no.

Det anbefales å ta tidlig kontakt med kommunen for informasjon om arealplaner, andre lover og regler som gjelder, tilskuddsordninger og om riktig saksgang.

Seksjon teknisk

Sakna Cape på auksjon(?)



Dersom eigaren av denne cape'n, som har hengt i Servicetorget sidan 17. mai i år, ikkje melder seg, går sannsynlegvis plagget under hammaren på haustauksjonen 22. oktober.

Barnebunad-cape'n er i storleiken 116/128



Bag m/div. dameklede

Funne på skulen 7. august

Kan hentast i Servicetorget på Boknatun.



FØREHANDSRØYSTING - STORTINGSVALET OG SAMETINGSVALET 2005

Dei som av ein eller annan grunn ikkje kan møte opp i vallokalet valdagen den 12. september, har høve til å røysta på førehand på Bokn kommunehus - i servicetorget.

Førehandsrøystinga startar 10. august 2005.

Også veljarar som har røysterett i andre kommunar kan førehandsrøysta her.

Røystene må vera kommunen i hende før kl. 20.00 valdagen for at dei skal telja med i valoppgjeret. Veljaren er sjølv ansvarleg å røysta på eit tidspunkt som gjer at førehandsrøysta kjem fram innan fristen.

Opningstider for førehandsrøystinga i :

I tida 10. august - 2. september.

Måndag - fredag: kl. 08.30 - kl. 15.00

I tida 3. september - 9. september:

Laurdag	03.09:	kl. 10.00 - kl. 14.00
Sundag	04.09:	kl. 10.00 - kl. 14.00
Måndag	05.09:	kl. 08.30 - kl. 15.00
Tysdag	06.09:	kl. 08.30 - kl. 15.00
Onsdag	07.09:	kl. 08.30 - kl. 21.00
Torsdag	08.09:	kl. 08.30 - kl. 15.00
Fredag	09.09:	kl. 08.30 - kl. 21.00

Hugs å ta med legitimasjon.

Fleire opplysningar om førehandsrøystinga og om aktuelle endringar i vallova i høve til tidlegare år får du i telefon 52 75 25 00.

Etter kvart vil du finna nyttig informasjon om valet i Bygdabladet på nett: www.bygdabladet.no (Val 2005).

Adressa til valstyret i Bokn er: Valstyret i Bokn, Boknatun, 5561 BOKN



Annonser

Vitamininnsprøytning for foreldre

Onsdag 14. august kl 20.00 kjem Bjarne Austeid til auditoriet på skulen.

Austeid er ein meister i å gje gode råd og vink om familieliv og oppdragelse, utan at det vert dystert og irettesetjande.

Sist han var i Bokn, tok han føre seg grensesetjing. Denne gong vil han snakka om korleis ein smørjer familiemaskineriet for å få ein betre kvardag. Han vil og komma inn på måtar å læra inn verdiar, og metodar for å løysa konflikhtar på ein god måte.

Etter foredraget vert det kaffi og noko å bita i, samt rom for diskusjon og spørsmål.

Alle foreldre og besteforeldre er velkomne til å få ny inspirasjon til verdas viktigaste arbeid.

Entre kr. 40,-

Arrangør: Ekornspeidaren

Frisørgården på Boknaberg

startar nå opp igjen.

Onsdagar og fredagar
kl. 09.00 - 15.30

52 74 85 34
99 32 55 34

Første dag var 24. aug.

Steppen

startar opp på torsdagar.

Kl. 20.30 - 21.30
på klubbhuset

Instruktør: Anne Faye



Bokn brass

ynskjer nye
medl. velkomne.

Me øver på mandagar kl.
20.00 - 22.00 i gymsalen.

Interesserte tar
kontakt med Jardar
52 75 25 08

Barnekoret

Me startar opp
mandag 5. sept.

Øvingane er i Auditoriet
annakvar mandag
Kl. 16.30 - 17.45
Alle songglade barn frå 5
år og oppover er velkomne til å vera med.

Div. tenester på Boknatun

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte andre dagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79

Direkte nr. på tysdagar: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Me starta etter ferien torsdag 18. august.

Tid: kl. 10.00 - 14.00

Stad: Fellesstova til omsorgsbustadene.

Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkommen.


Påmelding på tlf. 52 74 83 09

Julianne - aktivtør

Stort forsidebilde

Sommarfugl

Foto: Rakel J. Alvestad



Bygdabladet for BOKN

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 300,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 620,-

Halvsida kr. 380,-

Kvartside kr. 190,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 40,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.

E-post: postmottak@bokn.kommune.no

Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg

"Gullhønå" trekker til Syden

Reidar Alvestad

Ferja "Bokn" eller "Gullhønå" på folkemunne, som gjekk i sambandet Føresvik - Tåganes - Kopervik frå oktober 1976 til 22. februar 1991, er i skrivande stund på veg ned mot varmare kystar i det greske øyriket.



"PSATHI": Bilde av boknaferja eit av dei siste åra i Eide Maritime Services. Nå går turen i første omgang til Pireus i Hellas.

Ho gjekk frå Leirvik på Stord klokka 20.00 om kvelden den 13. juli med sørleg kurs. I siste del av august er ho venteleg framme i heilt andre farvatn enn her i det kalde og ruskete nord. Ho skal nemleg tilbake i fart til det ho var bygd for, nemleg ferjedrift.



FØR: "Bokn" på veg frå Føresvik til Tåganes ein fin solskinnsdag. Ho får nok varmare klima der ho nå skal trafikker mellom greske øyar.

Foto: Stein Alendal

Det er journalist Steinar Hystad på Stord som opplyser dette til Bygdabladet. Den 12. juli hadde han ein artikkel om ferja i Haugesunds Avis. Også Bygdabladet omtala "Bokn" i utgåva for september i fjor. Då hadde ho hatt eit omflakkande liv etter ferjedrifta i Bokn.

Ho var ei stund eigd av eit dykkarfirma. Dei seinare åra var det Eide Marine Services på Halsnøy som bruka henne, mellom anna som losjibåt ved hevinga av "Rocknes".

Kjøpte ferjesamband på auksjon

Dei fem grekarane som var i Norge i juli og henta ferja, fortalde til Hystad at ferja var i god stand. Dei låg ei stund ved kai i Leirvik for å klargjera ferja til turen, proviantera m.v.

Eit reiarlag i Hellas har kjøpt ferjesambandet som "Bokn" skulle gå i på auksjon, for det er visst slik det foregår der. Det nye namnet på ferja er "Psathi". Kor vidt dette er eit stadnamn eller noko anna, visste verken Hystad eller reiarlaget sin agent i Bergen.

Lang tur for "Gullhønå"

På turen sørover frå Stord, gjekk ferja først til Kiel, for så å gå gjennom Kielerkanalen og ut i Nordsjøen ved Cuxhaven litt nord for Bremerhaven. På denne må-

ten slapp dei nok å kryssa Nordsjøen nedover mot Danmark og Tyskland.

Den 4. august var ferja i Brest i Frankrike, og venta vel på godver før dei kryssa over Biscaya-bukta.

"Bokn"-namnet på ny ferje?

Når me nå frå 2007 får to nye gassferjer mellom Bokn og Rennesøy, burde den eine få namnet "Rennesøy" og den andre "Bokn".

Dette bør kommunane Bokn og Rennesøy i fellesskap ta opp med reiarlaget som har fått ferjeandbudet før det er for seint. Det ville passa godt at ferjene fekk namnet på dei to kommunane som er endestasjonar for ferjestrekninga. I tillegg ville det vera gratis PR for dei to kommunane.

Bokn-bildet

Nede i passasjersalongen på Bokn-ferja, hang det ein stor kopi av eit maleri av Kyrkjebygda som Damann Thuestad hadde mala i 1954. Originalen heng i Allrommet på Boknatun.

Kopien av dette store maleriet av Kyrkjebygda heng nå i den nedre salongen (under nedre ferjedekk) på ferja "Masfjord" som trafikker Boknafjorden. Det er Ragnhild Laupland som arbeider på "Masfjord" som opplyser dette til Bygdabladet.